



Håvard Bjordal og Aud Rysjedal Bjordal
Myrdalskogen 363
5117 ULSET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2398 - 17/22736

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
16.08.2017

Mellombels svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg - gbnr 139/22 Tveiten

Teknisk drift syner til Dykkar e-post, datert 11.08.2017, vedkomande søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg – gbnr 139/22 Tveiten.

Teknisk drift gir med dette brev ei mellombels tilbakemelding på motteke søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg. Slik søknad ligg føre kan ikkje Teknisk drift gje dispensasjon for tilbygg med avstand 3,5 meter frå vegmidt. Orsaka er at tiltak er plassert i eigen avkjørsle. Dette gjer at avkjørsle ikkje lenger kan tilfredsstille tekniske krav til avkjørsler frå offentleg veg (fastsett av vegdirektoratet i veglova, forskrifter og i vegnormaler). Dette gjeld spesielt krav til sikt, svingradius og at ein kan snu på eigen grunn.

Teknisk drift har ikkje heimel til å dispensere frå krav om sikt i avkjørsler frå offentleg veg. Dersom tilbygg skal kunne etablerast, kan ikkje avkjørsle lenger nyttast. Det betyr at Teknisk drift i eit dispensasjonsløyve må setje krav om at avkjørsle vert stengt/fjerna .

Når det gjeld løyve gitt på gbnr 139/85 er tilbygg realisert. Løyvet er gitt for tilbygg som var sett opp utan godkjenning for å legalisere dette. Det ligg ikkje føre godkjenning for nytt tilbygg her. Eksisterande tilbygg er godkjent med avstand 4,0 meter frå *kant* kommunal veg.

Med helsing

Rune Kilen
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Mottakarar:

Håvard Bjordal og Aud Rysjedal
Bjordal

Myrdalskogen 363 5117

ULSET